**Høgskolen i Telemark**

# EKSAMEN

## 4215 MILJØRETT OG FORVALTNING

**05.12.2011**

| | |
|---|---|
| Tid: | 09:00-14:00 |
| Målform: | Bokmål/Nynorsk |
| Sidetall: | 3 (inkludert forsiden) |
| Hjelpemiddel: | Norges Lover, eller egen mappe med utskrift av aktuelle lover |
| Merknader: | Ingen |
| Vedlegg: | Ingen |

**Eksamensresultata blir offentliggjort på studentweb.**

**Fakultet for Allmennvitskaplege fag,**

**Bokmål**

## Oppgave 1 Naturmangfoldloven

a) Naturmangfoldloven er ingen overordnet lov i den forstand at den har trinnhøyde over andre lover. Men Naturmangfoldloven kan på mange måter sies å være en tverrgående lov, på samme måte som forvaltningsloven, som setter en normal minstestandard for saksbehandling på alle forvaltningsområder. Nevn noen eksempler på hva som gjør at Naturmangfoldloven kan sies å være en slik tverrgående lov.

b) Naturmangfoldloven er en lov med samme trinnhøyde som andre lover. Hva menes med trinnhøyde?

c) Biomangfoldutvalget, som laget NOU-utredningen til naturmangfoldloven, la opp til at når eldre særlov har lempeligere regler enn Naturmangfoldloven måtte *lex specialis* prinsippet vike for *lex posterior* prinsippet. Definer begrepene *lex spesial* og *lex posterior*, og forklar hva Biomangfoldutvalget mente med en slik uttalelse.

d) For uttak av viltlevende dyr i ht naturmangfoldloven gjelder legalitetsprinsippet. Hva betyr dette i praksis?

e) Gjelder legalitetsprinsippet i naturmangfoldloven også for fisk. I fall ja, hvor i lovteksten finner du grunnlag for å hevde dette?

f) Hva sier naturmangfoldloven om minstekrav for å tillate høsting av vilt, laks og innlandsfisk?

g) Overtredelse av aktsomhetsplikten i naturmangfoldlovens (§ 6) kan ikke straffes, men kan bla medføre erstatningsplikt etter § 74, eller gi grunnlag for å kreve retting etter § 69.
   - Hva menes juridisk med straff?
   - Hvor fremgår det at i naturmangfoldloven at aktsomhetsplikten ikke kan straffes?

## Oppgave 2 Kulturminneloven og Viltloven

a) Etter kulturminneloven er en rekke kulturminner automatisk fredet (legalfredning). Hvor stor sikringssone rundt et slikt kulturminne inngår automatisk i dett vernet?

b) Hvilke lovhjemler i kulturminneloven muliggjør beskyttelse/vern av andre faste kulturminner/kulturmiljøer som ikke er legalfredet etter kulturminneloven?

c) Hvilken beskyttelse har alle ikke fredete byggverk eller anlegg eldre enn 1850 etter kulturminneloven?

d) Hvilke sentrale, regionale og lokale forvaltningsorganer inngår i Norsk viltforvaltning?

e) Grunngi hvorfor fredningsprinsippet, som var hjemlet i tidligere Viltlov (§3), nå er opphevet?

## Oppgave 3 Case oppgaver

a) Hva er forskjellen på definisjon av utmark i Lov om motorferdsel i utmark og Friluftsloven, og hva mener du er årsaken til disse definisjonsforskjellene av utmark i disse to lovene?

b) Du besøker et godt fiskevann på fjellet og ønsker å være der en hel uke (7 dager). Det ligger ei hytte ved vannet og du bestemmer deg for å slå opp teltet på et lite plenområde helt inn til hytteveggen. Du har ikke forhørt deg med eier av hytte om tillatelse til å slå opp telt i hytteveggen. Er noe av detteovertredelse av Friluftsloven ? Begrunn i fall hva som er lovlig og hva som eventuelt er ulovlig i forhold til Friluftsloven ?

c) Veterinærinstituttet (VI) får i oppdrag av Direktoratet for Naturforvaltning (DN) å utarbeide en handlingsplan for kjemisk bekjempelse av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Det finnes i dag kun to aktuelle kjemiske behandlingsformer, bruk av rotenon og bruk av surt aluminium. VI er det organ som planlegger og gjennomfører alle rotenonbehandlingene i Norge, mens andre aktører har denne kompetansen på aluminium. Vurder om DN sitt vedtak om å gi dette oppdraget til VI er ugyldig i forhold til brudd på habilitetsreglene etter Norsk Lov.

**Høgskolen i Telemark**

| |
|---|
| **EKSAMEN** |
| **4215 MILJØRETT OG FORVALTNING** |
| **05.12.2011** |

| | |
|---|---|
| Tid: | 09:00-14:00 |
| Målform: | Bokmål/Nynorsk |
| Sidetal: | 3 (inkludert forsiden) |
| Hjelpemiddel: | Noregs Lover, eller eigen mappe med utskrift av aktuelle lover |
| Merknader: | Ingen |
| Vedlegg: | Ingen |

**Eksamensresultata blir offentliggjort på studentweb.**

**Fakultet for Allmennvitskaplege fag.**

**Nynorsk**

## Oppgåve 1 Naturmangfoldlova

a) Naturmangfoldlova er inga overordna lov i den forstand at ho har trinnhøgde over andre lover. Men Naturmangfoldlova kan på mange måtar seiast å vere ei tverrgåande lov, på same måte som forvaltningslova, som set ein normal minstestandard for saksbehandling på alle forvaltningsområde. Nemn nokre eksempel på kva som gjer at Naturmangfoldlova kan seiast å vere ei slik tverrgåande lov.

b) Naturmangfoldlova er ei lov med same trinnhøgde som andre lover. Kva meinast med trinnhøgde?

c) Biomangfoldutvalet, som laga NOU-utredninga til naturmangfoldlova, la opp til at når eldre særlover har lempelegare reglar enn Naturmangfoldlova, måtte *lex specialis* prinsippet vike for *lex posterior* prinsippet. Definer omgrepa *lex spesial* og *lex posterior*, og forklar kva Biomangfoldutvalet meinte med ei slik vurdering.

d) For uttak av viltlevande dyr i ht naturmangfoldlova gjeld legalitetsprinsippet. Kva betyr dette i praksis?

e) Gjeld legalitetsprinsippet i naturmangfoldlova også for fisk. I fall ja, kor i lovteksten finn du grunnlag for å hevde dette?

f) Kva seier naturmangfoldlova om minstekrav for å tillate høsting av vilt, laks og innlandsfisk?

g) Brot mot aktsemdplikta i naturmangfoldlovas § 6, kan ikkje straffast, men kan blant anna medføre erstatningsplikt etter § 74, eller gi grunnlag for å kreve retting etter § 69.
   - Kva meinast juridisk med straff?
   - Kor kjem det fram i naturmangfoldlova at brot mot aktsemdplikta ikkje kan straffast?

## Oppgåve 2 Kulturminnelova og Viltlova

a) Etter kulturminnelova er ei rekkje kulturminne automatisk freda (legalfreding). Kor stor sikringssone rundt eit slikt kulturminne inngår automatisk i dett vernet?

b) Kva for lovheimlar i kulturminnelova moleggjer beskyttelse/vern av andre faste kulturminne/kulturmiljø som ikkje er legalfreda etter kulturminnelova?

c) Kva for beskyttelse har alle ikkje freda byggverk eller anlegg eldre enn 1850 etter kulturminnelova?

d) Kva for sentrale, regionale og lokale forvaltningsorgan inngår i Norsk viltforvaltning?

e) Grunngje kvifor fredningsprinsippet, som var heimla i tidlegare Viltlov (§3), nå er oppheva?

## Oppgåve 3 Case oppgåver

a) Kva er forskjellen på definisjon av utmark i Lov om motorferdsel i utmark og Friluftslova, og kva meiner du er årsaka til desse definisjonsforskjellane av utmark i desse to lovene?

b) Du besøkjer eit godt fiskevatn på fjellet og ønskjer å vere der ei heil veke (7 dagar). Det ligg ei hytte ved vatnet og du bestemmer deg for å slå opp teltet på eit lite plenområde heilt inn til hytteveggen. Du har ikkje forhørt deg med eigar av hytta om løyve til å slå opp telt ved hytteveggen. Er noko av dette brot på reglar i Friluftslova? Grunngje i fall kva som er lovleg og kva som eventuelt er ulovleg i forhold til Friluftslova?

c) Veterinærinstituttet (VI) får i oppdrag av Direktoratet for Naturforvaltning (DN) å utarbeide ein handlingsplan for kjemisk behandling av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Det finst i dag berre to aktuelle kjemiske behandlingsformer, bruk av rotenon og bruk av surt aluminium. VI er det organ som planlegg og gjennomfører alle rotenonbehandlingane i Noreg, mens andre aktørar har denne kompetansen på aluminium. Vurder om DN sitt vedtak om å gje dette oppdraget til VI er ugyldig i forhold til brot på habilitetsreglane etter Norsk Lov.